

## Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 28.09.2018

### Vedtak

#### **Merknad til RS 8/18:**

Styret for Fagskolen i Hordaland ber om å få behalde dei justerte resultatbaserte midlane på kr. 719.000,- frå Kunnskapsdepartementet. Styret viser til dei store investeringsbehova som fagskulen har, som er viktige bidrag til fortsatt å utvikle auka kvalitet i undervisninga. Desse midlane vil bidra til at vi kan få nokre av dei mindre utstyra på plass. Viser for øvrig til RS 9/18.

#### **Merknad til RS 9/18**

Styret for Fagskolen i Hordaland ber om at det vert sett opp ei kort oversikt over investeringsbehova i prioritert rekkefølge med utgreiinga i RS9/18 som bakgrunnsinformasjon.

Ein må også beskrive kort kva investeringar ein ønskjer å søke på til neste år av utviklingsmidlane frå Kunnskapsdepartementet .

Styret ber rådmann / politisk miljø vurdere å legge vår andel ( 1/2 part ) inn i investeringsbudsjettet for 2019 dersom ein forhåpentlegvis får midlar frå Kunnskapsdepartementet .

Styret viser til at desse midlane er særdeles viktige for kvalitetsutviklinga i undervisninga, og ein vil ha små moglegheiter til å kunna ta desse midlane frå driftsbudsjettet.

Øvrige meldingar vart tekne til orientering.